



Oppland

Referat styremøte 9.10.2025 kl 1900 (på Teams)

Tilstades: Borgny Sletten, Inga Stenumgård frå Søre Fåvang, vara, Anne Grete Moen, Ingerid Lyngnes (Fråvær Margaret Glasøy permisjon)

Sak 29/25 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjent

Sak 30/25 Godkjenning av referat frå førre møte.

Godkjent

Sak 31/25 Runden i Oppland

Borgny har sendt ut e-post til alle i nordre del av Gudbrandsdalen og i Randsfjordregionen. Har fått mange invitasjonar til diverse årsmøter. Brandbu, Lesjaskog, Lom og Gran

Anne Grete har kontakta sine lag. Få som har svart på hennar meldingar. Årsmøte i nær framtid for Åbjør.

I Sør Gudbrandsdal så er informasjon sendt ut. Invitasjon til årsmøte for Tretten bygdekvinnelag for å informere om høring, det skal svarast på.

Kjersti har også kontakta laga i sitt distrikt. Ho er invitert til eit årsmøte frå sine lag, men det klaffa dessverre ikkje så Kjersti kunne møte denne gong.

- Borgny møter på vegne av Bygdekvinnelag i styret i Innlandet Bondelag. Repr for bygdekvinnelaget har vore svært engasjert i arbeidet, og Innlandet bondelag ynskjer at samarbeidet skal fortsetja. Møte som det ikkje er vedtak i, blir det ikkje lenger betalt møtegodtgjering. Bondelaget betaler likevel evt overnatting og mat. Bygdekvinnelaget opplever samarbeidet med Bondelaget som ein fin arena for påvirkning.
- Borgny var nyleg på helgearrangement med Kultur og tradisjon for å representere bygdekvinnelaget. Lite nytt frå møtet som vedkjem oss i styret akkurat no.

Sak 32/25 Etterjobben etter Triveleg helg på Toten

- Evaluering: Veldig bra arrangement, fin ramme på Grøna, godt program. Kjekt med politiske samtalar med topp-landidatar frå Oppland i samband med stand på «Helt på Jordet» Variert program. Kunne ynskje at det kom fleire, men det er vanskeleg å styre.
- Gjennomgang av oppmøteliste og fråfall. Vi drøftar kven som skal betale og sum. Nokon melder seg av i siste liten, og pga at distriktslaget sjølv sagt må betale, er det viktig at rekning blir sendt til dei som meldte avbud.
- Rekningar blir sendt ut komande veke.

Sak 33/25 Årsmøte 2026

- Det er sendt ut diverse forespurnader uten at det er gjort valg. Inga tenkjer litt meir på idear for evt årsmøtelokale i Midt-dalen. Vi drøftar saka vidare på Messenger.
- Praktisk gjennomføring og reiseavstandar blir teke med i vidare drøfting.

Sak 34/25 Bygdekvinneprisen

- Kven skal vi nominere? Styret drøfta kven vi skulle ha som kandidatar. Eit mål for oss å få med lokale kandidatar.
- **«Dette ser juryen etter:**
Ha starta opp si eiga verksemd
Drive verksemda i bygde-Noreg
Ha søkjelys på miljø, berekraft og lokal utvikling»

Styret drøfta 2-3 aktuelle kandidatar frå vårt distrikt. Borgny utformar eit brev som gjev informasjon om kvar enkelt kandidat.

Sak 35/25 Høyring : Formålsparagrafen

Styret drøfta dei dokument som ligg føre i forhold til eventuell fornying av formålsparagraf-Frist for innsending er 9. november. Dokumentet frå distriktslaget blir lagt ut som eit vedlegg til referatet.

Sak 36/25 Eventuelt

- Matfylket Innlandet
Borgny er med på «region runde» og pratar om kva Bygdekvinnelaga gjer for å få ungar glade i matlaging/bevisstgjera kvar maten kjem i frå. Deler info med vidaregåande skular og ulike bedrifter i heile fylket.

Ein planlegg også eit matkultursenter saman med Innlandet fylkeskommune. Det vert planlagt korleis dette skal utformast og kor det skal plasserast.

Pga engasjement i Matfylket Innlandet har Borgny fått førespurnad om Bygdekvinnelaget vil vera med og svare på spørsmål vedkomande frøberedskap.

- Samarbeid med kreftforeninga: Korleis skal vi få med Bygdekvinner utan at ein kan bruke bøsse?
Kreftforeninga kan ikkje lenger gje oss tilbakemelding på kor mykje me klarar å samle inn. Dette pga at ein ikkje lenger har bøsser, men heller oppfordring til å sende vippskrav.
Borgny lagar informasjon om innsamling, reglar og evt om det kan vera alternative måtar å gjere det på.

Referent

Ingerid Lyngnes